



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

KAMBO ENERGI AS
Kambsvegen 60
5590 ETNE

Vår dato: 07.07.2023

Vår ref.: 200702244-37 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gjev utsett byggjefrist til Eikemo kraftverk i Etne kommune

Vi viser til søknad frå Eikemo Kraft AS datert 23.08.2020 om utsett byggjefrist for Eikemo kraftverk i Etne kommune. Konsesjonen er overført til Kambo Energi AS.

Bakgrunn

NVE gav konsesjon til Eikemo kraftverk i vedtak den 25.09.2015. Det følgjer av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom ein ikkje er i gang med å byggje innan fem år frå konsesjonen blei gjeven. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Eikemo Kraft AS:

«Vi viser til vedtak om konsesjon tildelt Eikemo Kraft AS org. nr. 990292108 av NVE 25.9.2015.

I vassdragskonsesjonen punkt 2 står det følgende:

«2. Bortfall av konsesjon

Konsesjonen faller bort hvis ikke arbeidet er satt i gang senest fem år fra konsesjonens dato og fullføres innen ytterligere fem år jf. vannressursloven § 19 og vassdragsreguleringsloven § 12 nr.1 tredje ledd. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kan forlenge fristen med inntil fem nye år. I fristene regnes ikke den tid som på grunn av særlige forhold (vis major), streik eller lockout har vært umulig å utnytte.»

Proessen med nettavklaring for å bygge kraftverket har vært krevende og vi har dessverre ikke fått en avklart nettløsning for prosjektet av områdekonsesjoner da det fortsatt mangler nettkapasitet i området. Vi har fått indikasjoner på at det jobbes med saken og vi håper på at dette kan la seg løse innen en forlengelse av konsesjonsfristen på 5 nye år.



På bakgrunn av dette søker vi derfor om 5 år fornyet frist slik vassressurslova § 19 og vassdragsreguleringslova § 12 nr. tredje ledd åpner for. Manglende nett er et «særlig forhold» som etter rettspraksis blir tillagt vekt i forhold til at det ikke har vært mulig å realisere prosjektet tidligere.»

Søknad om forlengja byggjefrist blei sendt NVE før opphavleg frist gjekk ut.

Høyring

Søknad om forlengja byggjefrist har vore på høyring i blant anna Etne kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for utsegn. NVE har mottatt følgjande merknader til søknaden om forlengja byggjefrist:

Statsforvaltaren i Vestland uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Tiltaka skal auke produksjonen av fornybar energi og sikre framtidig straumforsyning, og har dermed stor samfunnsnytte. Det er store tiltak som samla vil gi monalege naturinngrep. Mykje av dette er allereie avklara i gjeldande konsesjonar.

(...)

Vi har ikkje avgjerande merknader til den nye naturmiljøkartleggingane eller til søknadene om utsett byggjefrist for Tøsse kraftverk, Eikemo kraftverk eller Hetleflåt kraftverk.»

Vestland fylkeskommune uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Kulturminne

(...) Angående søknad om utsett byggjefrist for kraftverka Eikemo, Tøsse, Djuvselva, Miljateig og Hetleflåt, så vedkjem det ingen kulturminneinteresser.

(...)

Vassmiljø

Etter vår vurdering bør elvevassmassar vurderast ut i frå ein naturtilstand for Eikemo kraftverk og Tøsse kraftverk, og ikkje frå ein allereie utbygd situasjon. Begge kraftverka ligg i vassførekomst 042-310-R Eikemoelva nedstøms inntak Blåfalli III H. Etter vassforskrifta er godt økologisk potensiale nådd i dag, men det ligg ikkje målingar i databasen Vann-nett og presisjonen for miljøtilstanden er låg.

(...)

Vi minner om at i konsekvensutgreiingar skal det vurderast og skildrast korleis planen eller tiltaket vil verke inn på vatnets økologiske og kjemiske tilstand (Miljødirektoratet 2023). Ei eventuell vurdering av tiltaket etter vassforskrifta § 12 avhenger av at det føreligg kunnskap både om dagens tilstand i vassførekomsten, og om eventuelle endringar i tilstand som tiltaket forventar å medføre. Dersom tilstanden vert forringa av tiltaket, må det vurderast om det er grunnlag for å gje unntak etter § 12

Friluftsliv

Når det gjeld småkraftverka ligg ikkje desse innanføre kartlagde friluftsområde, med



unntak av Djuvselva, som ligg i eit registrert friluftsområde (Åkrafjorden Nordsida). Åkrafjorden er kartlagt som eit registrert friluftsområde, men det er lite truleg at kraftverka vil påverke friluftslivsinteressene i fjorden i særleg grad.

På bakgrunn av føreliggande informasjon om m.a. kartlagde friluftsområde er det ikkje grunnlag for å sei at oppgradering av leidning til 132 kV eller utbygging av dei 5 småkraftverka vil få vesentlege konsekvensar for regionale friluftslivsinteresser»

Statnett uttaler følgjande i brev til NVE den 12.05.2023:

«Statnett er også positiv økt kraftproduksjon og dermed til å utsette byggefristen for de fem omtalte kraftverkene slik at de kan bygges ut og tilknytttes planlagt nett.»

NVE si vurdering

Ny kartlegging av biologisk mangfald

Den opphævelege kartlegginga av biologisk mangfald er frå 2004. Etter NVE si vurdering var ikkje den opphævelege kartlegginga tilstrekkeleg for å kunne vurdere søknaden om utsett byggjefrist. Dette er fordi den følgjer ein metodikk frå før 2009, som sidan har blitt oppdatert fleire gonger. NVE bad derfor tiltakshavar om å gjennomføra ei ny kartlegging av biologisk mangfald i brev av 21.04.2022. NVE mottek den nye kartlegginga i brev av 22.10.2022. Kartlegginga ble gjennomført den 27.07.2022, og rapporten er skrevet av Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser, i samarbeid med Ecofact.

Ved vurdering av påverknaden tiltaket har på biologisk mangfald tek rapporten utgangspunkt i plassering av kraftverket nord for elva, ved Baklihølen. På vedtakstidspunktet anbefalte NVE plassering sør for elva, men aksepterte også plassering ved Baklihølen. For vassvegen anbefalte NVE plassering på vestsida av elva, men aksepterte også plassering på austsida. Den nye rapporten for biologisk mangfald har vurdert begge plasseringar av vassvegen.

På grunnlag av tidlegare og ny kartlegging av biologisk mangfald meiner NVE at det er innhenta tilstrekkeleg informasjon for å kunne vurdere omfanget og verknader av tiltaket for kartlagde naturtypar, og sjeldne og trua artar. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget til saka er godt nok greidd ut, jf. naturmangfaldlova § 8. Kartlegginga i 2022 førte til funn av nye artar og naturtypar. I det følgjande presenterer vi relevante funn, påverknaden av tiltaket på artane og naturtypane, og ev. mildnande tiltak.


Artar

Under synfaringa i 2022 ble ein raudlisteart kartlagd. I tillegg er ein annan raudlisteart registrert i området, og raudlista fugleartar har vore observert i nærleiken av planlagt kraftstasjonsplassering. Den kartlagde arten var truleg tussepraktlav (VU), men det er ikkje utelukka at det kan ha vore huldrepraktlav (EN). Desse artane, som inntil nyleg blei registrert som same art, krev ein lysopen skog og eit fuktig mikroklima. Dei veks ofte på næringsrike berg i nord- til austvendt helling, men og på lauvtre. I influensområdet blei arten funnen på hassel, i lokaliteten med naturtypen lågurtospeskog (sjå figur 1). Arten vil ikkje bli påverka av tiltaket dersom vassvegen blir bygd på vestsida av elva. I vilkåra for konsesjon opna NVE opp for at vassvegen og kunne leggjast på den austlege sida. Dersom



dette alternativet blir valt, kan arten bli påverka av utbygginga av traséen. Hasselrurlav (NT) er også registrert innanfor influensområdet, og til trass for at den ikkje vart funne igjen på synfaring er det sannsynleg at arten framleis finst der. Arten veks primært på hassel i fuktige og skuggefulle skogar. Vi legg til grunn at tiltaket ikkje vil påverke arten.

Fire raudlista fugleartar er observert innanfor influensområdet, i nærleiken av planlagd kraftstasjonsplassering. Desse artane er gråmåke (VU), granmeis (VU), stær (NT) og gråspurv (NT). Av desse er det berre vurdert at stær kan bli påverka av tiltaket, gjennom reduksjon av leveområde. Dette kjem av at stærer er knytt til opne jordbruksområde, og kraftstasjonen er planlagd utbygd på eit slikt område. Det er framleis fleire andre store, opne jordbruksområde på Eikemo, så tiltaket vil truleg ikkje ha noko stor påverknad på levevilkåra til arten.



Figur 1. Verdikart for influensområdet til Eikemo kraftverk.

Naturtyper

I den tidlegare kartlegginga ble det ikkje kartlagd nokre verdifulle naturtyper innanfor influensområdet. Fossefalla i øvre del av elva var ikkje store nok til at det var utvikla fossesprøytsoner, og elveløpet var ikkje djupt nok til at naturtypen bekkekløfter var utvikla i området. Likevel meinte tidlegare kartleggar at øvre del av elveløpet hadde eit klart preg av bekkekløft med fleire mindre fossefall. I den nye kartlegginga har fire naturtyper blitt avgrensa innanfor influensområdet, i samsvar med NiN-instruksen. Desse er naturbeitemark (VU), gammel lågurtospeskog, boreal hei (VU) og fossepåvirket berg. I



tillegg er naturtypen elvevassmassar registrert, som er raudlista i kategori nær trua (NT) i Norsk raudliste for naturtypar 2018.

Den raudlista naturtypen naturbeitemark ligg søraust i influensområdet, nord for elva. Mesteparten av lokaliteten ligg mot aust, medan ein smalare del strekkjer seg sørvest mot området der kraftstasjonen er planlagd utbygd. Ettersom det er høg bruksintensitet i området, blir tilstanden på lokaliteten vurdert til moderat. Det er ikkje funnet raudlista eller sjeldne artar i lokaliteten. Likevel har ei tidlegare kartlegging frå 2005 vurdert at det er potensiale for funn av raudlista beitemarkssopp i ei sørvendt skråning nord for planlagd tilkomstveg til kraftstasjonen. Ein liten del av lokaliteten kan bli påverka av utbygginga av kraftverket, og påverknadsgraden vurderast derfor til noko forringa i rapporten. Kraftstasjonen og ankomstvegen skal leggjast heilt inn mot elva. Vi føreset at tiltakshavar i størst mogleg grad unngår graving og køyring på naturbeitemarka i anleggsperioden.

Det vart funne ein lokalitet med gammal lågurtospeskog nord i influensområdet, aust for elva. Denne naturtypen har ein sentral økosystemfunksjon, og er derfor ein viktig naturtype. Lokaliteten er avgrensa, med eit areal på omtrent 1 100 m². Lokaliteten har god tilstand, og samla blir den vurdert til å ha moderat kvalitet. Dette svarar til stor verdi ifølgje Miljødirektoratets instruks for konsekvensutgreiingar. Dersom vassvegen blir lagd på vestsida av elva vil ikkje naturtypen bli påverka. Ved utbygging av vassveg på austsida av elven vil sannsynlegvis sentrale delar av lokaliteten bli påverka, og påverknadsgraden blir dermed forringa. Ved ei forlenging av byggefristen, bør vassvegen plasserast på vestsida av elva.

Lokaliteten med raudlista boreal hei ligg nord i influensområdet, ved planlagd inntaksdam. Tilstanden er vurdert til god. Ifølgje ein samla vurdering har lokaliteten moderat kvalitet, som svarar til stor verdi ifølgje Miljødirektoratets instruks for konsekvensutgreiingar. Lokaliteten grensar til inntaksmagasinet, men vil ikkje bli neddemt etter utbygging. Den nye rapporten vurderer difor at tiltaket ikkje vil påverke naturtypen. NVE er samd i denne vurderinga.

Naturtypen fossepåvirka berg har ein sentral økosystemfunksjon, og innanfor influensområdet finst det tre slike lokalitetar i dei brattaste partia av elva. Kvaliteten på naturmangfald er vurdert til liten, på grunn av den avgrensa storleiken på lokalitetane, fråværet av raudlista artar og fordi dei hadde liten vassprutintensitet. Samla blir dei tre lokalitetane vurdert til å ha moderat kvalitet, som tilseier stor verdi ifølgje Miljødirektoratets instruks for konsekvensutgreiingar. Tiltaket vil påverke dei tre lokalitetane. Redusert vassføring fører til redusert fossesprut, og vil sannsynlegvis føre til ein reduksjon i arealet til naturtypen. Ettersom elva allereie er regulert, vurderer den nye rapporten at tiltaket vil føre til varig forringelse av middels alvorgrad. NVE merkar seg at det kan vera potensial for artsrikt miljø, ettersom det er innslag av varmekjære artar og noko rik berggrunn. NVE meiner at konsekvensane for desse lokalitetane er akseptable, og at minstevassføring vil vareta noko av dei gunstige forholda for livsmiljøa knytt til lokalitetane.



Vassdraget er klassifisert som elvevassmassar. Ettersom tilstanden på elvestrekninga er svekka som følgje av eksisterande overføring av vatn, blir lokaliteten vurdert til å ha noko-middels verdi. Forholdet er allereie vurdert i opphaveleg konsesjonshandsaming.

Oppsummering

Ein søknad om utsett byggjefrist inneber ikkje ei ny samla vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket, slik det blei gjort i handsaminga av konsesjonssøknaden. I sakshandsaminga om byggjefrist skal NVE berre vurdere om det har kome *nye* eller *endra* omstende etter at konsesjonen blei gjeven. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlengja byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil være om ein kan sette nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis som er gjeve av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, gjer at det likevel er rimeleg å utvise omsyn når ein forlengjer byggjefrist.

Søknaden om forlengja byggjefrist har vore på høyring i blant anna Etne kommune, Vestland fylkeskommune og hos Statsforvaltaren i Vestland for utsegn. Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Statnett har svara at dei ikkje kjenner til nye forhold i det aktuelle området som kan ha betydning for konsesjonane. NVE har også gjort søk i Naturbase og Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknaden om forlengja byggjefrist bør bli avslått.

Den nye kartlegginga av biologisk mangfald har vist at det er større naturverdiar innanfor tiltaksområdet enn det som var kjend på vedtakstidspunktet. NVE meiner og at det er potensial for funn av ytterlegare uregistrerte, sjeldne eller raudlisteartar innanfor tiltaksområdet, særleg i tilknytning til lokalitetane med fossepåvirket berg og lågurtospeskogen. NVE meiner at konsekvensane av tiltaket for dei raudlista artane og naturtypene kan reduserast tilstrekkeleg gjennom mildnande tiltak. For å unngå negativ påverknad på førekomstane av raudlisteartane tussepraktlav og hasselrurlav, og naturtypen lågurtespeskog, anbefaler vi at tiltaket skal byggast ut på vestsida av elva. Skulle ein likevel gå for det austlege alternativet må traseen stikkast i samråd med biolog med kompetanse på botanikk for å i størst mogleg grad unngå dei verdfulle artane og naturtypene som nå er påvist.

Vi minner om at dette vedtaket berre gjeld byggjefrist for kraftverket og ikkje anleggskonsesjon, som må gjerast i eigen søknad.

NVE sitt vedtak

NVE kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlengja byggjefrist for Eikemo kraftverk bør bli avslått. I medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd, samt vassdragsreguleringslova § 15, blir byggjefristen forlengja med inntil fem år, til 25.09.2025.

Merknader

Vi anbefaler at vassvegen leggst på vestsida av elva slik vist i vedlegg. Viss vassvegen leggst på austsida av elva, må traseen stikkast i samråd med biolog. Vi merkar oss at det



er foreslått fleire aktuelle avbøtande tiltak i den nye biologisk mangfald rapporten. Vi legg til grunn at desse tiltaka blir utført ved bygging. Anleggsarbeidet skal i størst mogleg grad unngå naturbeitemarka. Vi føreset at alle desse tiltaka blir vurdert som ein del av detaljplanen. Dei andre vilkåra er dei same som i løyve av 25.09.2015.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klageadgang.

Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

KAMBO ENERGI AS

Kopimottakarliste:

ETNE KOMMUNE


STATNETT SF

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Vedlegg



Vestleg plassering av vassvegen. Grønne flater langs traséen er deponiområder. Referanse: Ole Kristian Spikkeland Naturundersøkelser og Ecofact sin rapport



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.